

PROSEODYRE


HMT-kartlegging

Dato:

Utarbeidd av:

Godkjend av:


Versjon nr:



Systematisk
HMT

Prosedyre for HMT-kartlegging

| | |
|--------------------------------|---|
| Hensikt: | Forbetring av arbeidsmiljø, rette innsats mot viktige tema for arbeidsplassen. Målsetjinga med HMT- kartlegging er å rette innsatsen mot dei tema som dei tilsette, vernetenesta og leiinga på arbeidsplassen er samde om er dei viktigaste for å behalde eller forbetra trivnaden og samspelet på arbeidsplassen. Intensjonen med denne prosedyra er å beskrive dei ulike trinna i kartlegging. Prosedyra kan også vere grunnlagsdokumentet som kvar einskild arbeidsplass nyttar som mal når dei lager eigne prosedyrar for kartleggingar (t.d. prosedyre for vernerunde/vernemøte osb.) |
| Omfang | Prosedyra gjeld som mal for alle arbeidsplassar i fylkeskommunen. Kartlegginga skal femne om alle tilsette innafor det området arbeidsplassen vel å utføre kartlegginga. Leiinga skal vere aktiv og synleg i kartlegginga. |
| Når | Minst 2 gongar årleg, av desse 1 psykososial kartlegging. |
| Planlegging og utføring | Før gjennomføringa av ei kartlegging skal lokal leiar, verneombod og teknisk personale ha eit kort formøte. Møtet skal nyttast til å fastsette m.a. følgjande: <ul style="list-style-type: none">· gå gjennom resultat frå evt. tidlegare kartlegging med same tema/på same fysiske område (tidlegare sjekkliste og handlingsplan/forbetringskjema)· fastsetje mål med kartlegginga· fastsetje omfang for kartlegginga (heile arbeidsplassen/eitt eller fleire verneområde/ein avgrensa del av verneområdet osb.)· bestemme tema for kartlegginga (fysiske/ergonomiske/kjemiske/organisatoriske/psykososiale tilhøve.)· verte einige om metodikk for kartlegginga· fastsetje tidsrom for kartlegginga· vurdere å nytte metode for risikovurdering Etter kartlegginga skal leiinga og verneombodet (og eventuelle andre medverkande) ha eit ettermøte der dei gjer følgjande: <ul style="list-style-type: none">· Oppsummerar kartlegginga og foreslår tiltak· Dokumenterer dei vedtekne tiltaka på forbetringskjema og i handlingsplanen for HMT-arbeidet på arbeidsplassen. |




PROSEODYRE

HMT-kartlegging

Dato:
Utarbeidd av:
Godkjend av:

Versjon nr:



Systematisk
HMT

Grovkartlegging


| | |
|---------------------|---|
| Hensikt | Grovkartlegging av arbeidsmiljøet kan reknast som eit forarbeid til risikovurdering. Grovkartlegginga syner kva typar risiko som er i verksemda og kva område som krev ytterlegare kartlegging og risikovurdering. Kartlegging av det psykososiale arbeidsmiljøet kan òg takast med i grovkartlegging av arbeidsmiljøet. |
| Når | Før risikovurdering |
| Rapportering | Malverkty «HMT-grovkartlegging» |
| Ansvarleg | Lokal leiar i samarbeid med verneombod. BHT kan bistå. Formøte mellom VO og leiar; gjennomgang av malverkty for kartlegginga, dokumentasjonen frå i fjar, og innspill frå dei tilsette. |

Vernerunde

| | |
|-----------------------|--|
| Hensikt | Jamleg overvaking og kontroll av fysisk arbeidsmiljø for å sjå til at tilhøve er i samsvar med krav i lov og forskrift. Kartlegginga gir leiing, verneteneste og tilsette eit felles grunnlag for å vurdere kva tiltak som eventuelt må setjast i verk for å sikre eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø kra |
| Når | Minimum årleg |
| Deltakarar | Leiar, verneombod, andre medverkande, t.d. teknisk driftspersonell |
| Rapportering | Malverkty «Vernerunde – generell sjekkliste» |
| Andre dokument | Separate sjekklistar for inneklima. Til meir omfattande vurdering av inneklima etter utført vernerunde. |

Risikovurdering

| | |
|----------------|---|
| Hensikt | Forskrift om organisering, leiing og medverknad, § 7-1 skildrar krav om kartlegging og risikovurdering. Arbeidsmiljøet i verksemda skal vurderast ved planlegging, tilrettelegging og gjennomføring av arbeidet. Faktorar som kan påverke arbeidstakarane si/sin fysiske eller psykiske helse og tryggleik, inkludert arbeidstid, skal kartleggast og om naudsynt målast. På grunnlag av kartlegginga skal risiko for skade eller fare for arbeidstakarane si/sin helse og tryggleik vurderast. |
|----------------|---|



PROSEODYRE


HMT-kartlegging

Dato:

Utarbeidd av:

Godkjend av:

Versjon nr:



Systematisk
HMT

| | |
|--------------|--|
| Når | Minimum kvart 3.år og dersom det skulle skje vesentlege endringer i drift. |
| Deltakarar | Lokal leiar i samarbeid med verneombod. BHT kan bistå |
| Rapportering | Malverkty «Risikovurdering» |
| LOVHEIMEL | Forskrift om systematisk HMS-arbeid i virksomheter § 5.6 (IK-forskrifta) |